



Lindås Tomteselskap AS
Hagellia 4
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/3058 - 15/27545

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
25.08.2015

Gbnr108/612 Lindås. Løyve til deling av grunneigedom, overføring av areal til gbnr108/616.

Eigedom: gnr.108 bnr.612 Lindås senter
Adresse for eiged.: Lindås senter, 5955 Lindås
Type tiltak: Deling av grunneigedom for arealoverføring
Heimelshavar: Opplysningsvesenets fond
Søker: Lindås Tomteselskap

Saka gjeld:

Lindås Tomteselskap søker om å få dele frå ein parsell på omlag eitt da. Parsellen er del av fellesarealet i Lindås senter. I følgje Tomteselskapet skal nå heile fellesarealet delast i tre delar. Kvar av interessentane Brannstasjon, Gamlebanken og Sentersameiga får eige sin naturlege del. Alle festeavtalar vert avvikla og Tomteselskapet trekker seg heilt ut.

Søknaden no gjeld det arealet som Gamle Banken har fått utlagd til seg. Dette er trafikkareal framfor banken sine lokaler.

I følgje Tomteselskapet vil nyordninga av eigarskapen ikkje føre til at tilgjenge til senteret vert endra for folk flest.

Planstatus/dispensasjoner:

Eigedommen 108/612 er Lindås senter. Deling slik det er søkt om er i samsvar med arealføremålet. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Deling slik det er søkt om endrar ikkje desse tilhøva.

VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m, gjev Lindås kommune løyve til å dele frå om lag 1000m² frå gnr.108 bnr.612 slik det er søkt og synt på kart vedlagd søknad motteke i kommunen 20.08.2015. Arealet skal overførast til gnr.108 bnr.616 og føyst saman med denne eigedommen.

Grunngjeving for vedtaket:



Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekts eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av om lag eitt da av fellesareala i Lindås senter. Arealet er trafikkareal framfor lokala til Gamlebanken Sameie, og det er dette sameiget som skal overtake arealet. Tiltaket er ledd i Tomteselskapet sitt arbeid med å trekke seg heilt ut av alt ansvar i Lindås senter.

Heile 108/612 har eit areal på 14,3da. Kvar av interessentane i senteret skal på sikt overtake sin høvesvise del av fellesarealet.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentleg rettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Deling er i samsvar med godkjend bruk.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikke er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremålet, grenser ikkje fastsett i godkjent plan kr.6200,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over avgjerdet innan tre veker, jf. §§28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås Tomteselskap AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ